

Voss kulturråd

Årsmelding 2014

Styret i Voss kulturråd er per dags dato sett saman av følgjande personar:

Olaug Hamre, leiar (attvald for 1 år)

Vidar Skeie, nestleiar (ikkje på val, vald for 2013-2014)

Knut Brunvoll, skrivar (ikkje på val, vald for 2013–14)

Øystein Dahl, kasserar (attvald for 2014)

Bridget Penny, webansvarleg (vald for 2014-15)

Varamedlemer har vore Lars Mosefinn og Ruth Kristin Trå (begge 2013–14).

Til valnemnd vart vald Eirik Helleve (leiar), Kari Trana og Tormod Kleiveland.

Ved utgangen av meldingsåret hadde Voss kulturråd 37 medlemmar.

Styret hadde 6 møte, der dei handsama 23 saker.

Dei tre hovudoppgåvene til Voss kulturråd er å styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet i Voss kommune, vera eit felles talerøyr for det frivillige kulturlivet, og å arbeida for å betra rammevilkåra for det frivillige kulturarbeidet i kommunen.

Kulturrådet har i løpet av året etablert seg på Facebook, og har 181 følgjarar pr. 15.03.15. Nettsida til Kulturrådet hadde over 3500 treff i 2014, meir enn ei dobling frå året før. Nettsida og Facebooksida vert brukte til å dela aktuelle nyheter og informasjon.

2014 har vore prega av vidare arbeid med kulturplanen for Voss og forprosjekt for Gamlekinoen.

Kulturrådet har vigg det meste av si tid til den kommunale sektor med fordelinga av kommunale kulturmidlar og kulturstipendet, arbeidet med ny kulturplan for Voss kommune, utdeling av kulturprisen for kommunen, og kva som skal skje med Gamlekinoen. Medlemmar frå styret har hatt fleire møte med kommunen, i ulike samanhengar. Det verkar som om kommunen ser på Voss kulturråd som ein seriøs og god samarbeidspart.

Peder Ringdal har vore Voss Kulturråd sin representant i arbeidsgruppa for flytting monumentet Ridande Vossabrudlaup.

Møter i kontaktforum kulturliv:

Det har vore tre møter i 2014: 30.januar, 3.april og 20.oktober, Olaug Hamre og Øystein Dahl har delteke på desse møta frå Voss kulturråd.

Årsmøte vart halde 26.mars i Ungdomshallen. 10 personar var tilstades på møtet.

I samband med kulturplanen arrangerte kulturrådet 28.april eit samrådingsmøte i Ungdomshallen. Møtet inneheld ein presentasjon av arbeidet med den fylkeskommunale kulturplanen, og eit gruppearbeid for å utarbeide aktuelle tema til planen.

Vidar Skeie har representert Voss kulturråd i arbeidet med ny kulturplan. Kulturrådet har spela inn eigne synspunkt og tema, og vurdert og kommentert utkast til delemne frå den kommunale gruppa.

Arbeidet med kulturplan for Voss kommune har pågått sidan hausten 2013. Den blir eit viktig dokument for kommune og kulturliv framover. Stat har nyleg kome med NOU 2013: 4

Kulturmeldingen 2014-2024 og Hordaland fylkeskommune med Regional kulturplan 2015-2025. Desse planane må ”landa” i praktisk gjennomføring på kommunalt nivå, for å kunne vera ein heilskapleg og nasjonal kulturpolitikk.

I rullering av kommuneplan fram mot 2026 tek ein høgde for ein kraftig folkeauke på Voss. Vossavangen som regionalt senter vert eit viktigare knutepunkt for indre Hordaland og som satellittstad for Bergen. Skal Vangen unngå å bli ein ”soveby” for Bergen vil det vera avgjerande å satse på kultur og eigen identitet. Voss kommune må satsa på dei kulturelle kreftene i kommunen både når det gjeld amatør/frivillig kultur, profesjonelle utøvarar/friefeltet og eige kulturelt tenestetilbod. Kompetanse, infrastruktur og politisk vilje er avgjerande for å få til ynskja kulturell utvikling gjennom ein ambisiøs kulturplan for Voss kommune.

11.juni 2014 vart det halde eit informasjonsmøte til minoritetsbefolkninga, Olaug Hamre deltok på informasjonsmøte til vaksenopplæringa, og heldt innlegg om frivillig lagsarbeid.

Laurdag 6.september deltok kulturrådet på Voss Up for å informere om kulturrådet.

Knut Brunvoll og Lars Mosefinn har representert Voss kulturråd i gruppa som arbeider med nye bruksområde for Voss gamle kino. På bakgrunn av eit budsjett for eit forprosjekt, søkte gruppa om ca. 300 000,- men nådde ikkje fram med søknaden 2014. Det vart difor ikkje vidare framdrift i saka.

Voss, 15.mars

Knut Brunvoll